

## Notat

**Til:** Hovudutval for næring og kultur

**Frå:** Fylkesdirektøren

### Spørsmål om Kløften/Ramstad eskefabrikk

Fylkesdirektøren viser til orientering frå Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane til hovudutvalet på møte på Sandane 20.mars d.å.

Representanten Hilmar Høl stilte nokre spørsmål som det av tidsmessige omsyn ikkje vart rom for å ta opp/svare på der. Fylkesdirektøren har sendt spørsmåla over til adm dir i stiftinga, og svara under er basert på hans tilbakemeldingar. Fylkesdirektøren har lagt til kommentarar i *kursiv*.

Fylkesdirektøren baserer sine kommentarar på politiske vedtak og dessutan ei rekkje styrevedtak i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

#### 1) Kva er det som er dei museumsfagelege og økonomiske utfordringane med Kløften?

Museumsfagleg er den største utfordringa at Kløften i noverande storleik/utforming (1097 m<sup>2</sup>) berre dekker om lag 1/3 av dei totale behova som vart identifisert i det opphavlege romprogrammet for fellesmagasin frå 2007 (2750 m<sup>2</sup>). Båtar er her ikkje rekna inn. Det er òg slik at dei mest prekære behova ved fleire av avdelingane ikkje blir stetta med løysinga som er valt, slik at store (men sårbare og kulturhistorisk verdifulle) gjenstandar ikkje får tilfredsstillande magasinering. I Kløften-prosjektet opererast det med to omgrep for magasin: «Kunstmagasin» og «spesialmagasin». I romprogrammet var det desse gjenstandane Sogn Folkemuseum og Nordfjord Folkemuseum ville behalda i sine funksjonelle magasin (dei etterspør magasin for dei større gjenstandane). Ei flytting av slike gjenstandar frå Kystmuseet, Nordfjord Folkemuseum og Sogn Folkemuseum til eit fellesmagasin i Kløften vil i liten grad frigjere magasinplass for dei gjenstandane som pr. i dag ikkje har gode bevaringstilhøve, fordi desse magasinane i mindre grad er skalert for større gjenstandar. Reelt sett vil magasinareala i Kløften derfor dekke mindre enn 1/3 av behova som er meldt inn. Det er vidare inga direkte moglegheit for utviding, slik at magasinindelen ikkje stetter ein seinare tilvekst. (Det kan nemnast at areala i Ramstad med grunnflate 3783 m<sup>2</sup> dekker behova i romprogrammet + båtar, samt at det ligg til rette for tilvekst og utviding av areala. Takhøgda i bygget er på 5 m, og betydeleg høgare enn Kløften, noko som aukar dei totale voluma)

Mottaksdelen i magasinane i Kløften er ikkje detaljert på ein måte som stetter dei krav som stillast til ei profesjonell handsaming av museumsgjenstandar. Dette kan delvis løysast med ei meir grundig prosjektering, men areala er for knappe til ei tilfredsstillande løysing m.a. til preventiv konservering, insektssanering, foto, registrering m.v. Det er ikkje sett av plass til studiemagasin (for interne og eksterne brukarar) og/eller eit publikumsretta visningsmagasin.

Økonomisk (om vi ser bort frå sjølve byggekostnadane), er utfordringa knytta til høge driftskostnader, rekna til om lag 5 millionar årleg, som det førebels ikkje er sikra tilskot til å dekke. Det er ikkje rekna inn kostnader til utstillingar i prosjektet (korkje faste eller mellombels). Med eit nytt, flott bygg, følgjer det òg forventningar om ei høgare aktivitet på utstillingar,

arrangement osv. som vil medføre mykje høgare kostnader enn dagens situasjon. Bygge- og driftskostnadane må sjåast i samanheng med evt. vidare bruk av dei eksisterande bygga i Movika. Ei realisering av Kløften vil sjølv sagt ivareta behova for betre arbeidstilhøve ved Sunnfjord Museum, noko som elles vil medføre eit behov for oppgradering/utbygging av dagens bygningsmasse (pga Kløften-prosjektet, er det ikkje rekna på desse tala dei seinare åra). Ei evt. flytting av administrasjonen i MiSF til Kløften vil frigjere noko midlar som i dag betalast i leige til Nordfjord Folkemuseum på Sandane (årleg kr. 185 000).

Ein situasjon der magasinbehova må dekkast med ein delt løysning (Kløften/Ramstad), vil føre til høgare kostnader for felles samlingsforvaltning.

*«Kløften» skulle i utgangspunktet tene funksjon som a) administrasjons- og utstillingsbygg for Sunnfjord Museum, b) administrasjonsbygg for Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane, og c) fellesmagasin. Etter at det vart klart at «Kløften» fekk ein kostnad som vart for høg ut frå tidlegare kalkyler, kom MiSF opp med Ramstad som alternativ, vart det vedteke å nedskalere «Kløften» til å lagre dei mest kritiske gjenstandane. Funksjonane elles var i varetekne. Ramstad skulle då ta i mot dei gjenstandane som hadde mindre kritiske behov. Tilleggsgevinsten var å kunne lagre båtar og landbruksmaskiner, som det på det tidspunktet ikkje var inne i magasinplanane i det heile.*

*«Kløften» har aldri vore dimensjonert for å løyse alle magasinutfordringane (store gjenstandar, landbruksmaskiner, båtar etc). Det har såleis alltid vore føresett ei delt løysing i ei eller anna form.*

*MiSF har sjølv utarbeidd romprogrammet etter sitt behov i utgangspunktet (grunnlaget for «Kløften») og vidare sjølv bestemt kva areal som kunne reduserast i «Kløften» som følgje av Ramstadkjøpet og krav om kostnadsreduksjonar.*

*Det er heile tida føresett at utfordringar med driftskostnader skulle løysast, det vert her vist til modell som er brukt på Sogn og Fjordane Kunstmuseum. Det vil også følgje driftskostnader med å ta i bruk Ramstad.*

## **2) Kva er det som er dei fremste behova for musea: Er det å få fleire bygg som driv med formidling, eller er det utfordringane med gjenstandane som ikkje er magasinert?**

Om desse behova skal målast mot kvarandre, er ei totalvurdering at utfordringa er størst når det gjeld manglande magasin for gjenstandane. MiSF har ei ikkje tilfredsstillande/dårleg situasjon for ca. 60% av dei kulturhistoriske samlingane. Pr. i dag har MiSF to avdelingar som har særskilte ueigna lokalar til formidling, Sunnfjord Museum og Norsk Kvernsteinsenter. Trass i denne uønska situasjonen, som vi jobbar med å løyse, er det ei høg aktivitet og kvalitet på den formidlinga som skjer ved avdelingane.

*Når det gjeld utbygging ved Sunnfjord Museum i Movika har denne også som føremål å løyse trafikkale utfordringar (tilkomst for buss til museet og parkering), gjere administrasjons- og formidlingslokala tilgjengelege for menneske med nedsett funksjonsevne, og gje tilsette forsvarlege arbeidstilhøve (jf varsel frå Arbeidstilsynet i 2016 om stenging).*

## **3) Utfrå det eg har fått med meg frå den offentlige debatten, så kan det sjå ut til at ein ikkje får plass til å magasinere alle gjenstandane i kløften-prosjektet. Om dette stemmer; Vil ein velje mellom å:**

- a) Må ein i såfall bruke dei pengane som det kosta i investering og drift for å bruke Ramstad som eit supplerande magasin i tillegg til Kløften.**
- b) Eller halde fram med å lagre desse gjenstandane under dagens forhold som blir omtala som kritikkverdige.**

Om vi forstår spørsmålet rett, så vil ei realisering av Kløften føre til ei situasjon der berre ein mindre del av de gjenstandane som i dag ikkje er tilfredsstillande lagra, får dekkast sine behov. Dette handlar dels om total areal, dels om at dei planlagte magasinane i Kløften ikkje utan vidare er utforma for å ta i mot mange av dei gjenstandane som er ikkje tilfredsstillande lagra (inkl. båtar og andre store gjenstandar). Det er svært problematisk for MiSF å leve vidare med ein slik situasjon, og Ramstad må takast i bruk som supplerande magasin.

*Både nedskalering av «Kløften», forprosjekt ferdig desember 2016, og kjøp av Ramstad Eskefabrikk i desember 2016 er basert på ei delt løysing.*

**4) Er det mogleg å få utsendt vurderingane frå kulturrådet som har blitt svart tilbake i avslaget på søknaden som fylkeskommunen sendte ut i førre runde?**

Som vedlegg følgjer svar frå kulturdepartementet datert 15.01.2018 i høve "Kløften"-søknad. Vi legg også ved tilsvarande svarbrev i høve Ramstad.